
Saksnr: 2020/78513-1
Saksbehandlar: Kristin Arnestad,

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------------|-------------|------------|
| Hovudutval for næring | | 12.01.2021 |

Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021

1. Hovedutval for næring vedtek Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021 slik den ligg ved i vedlegg 1, med justeringar i tråd med punkt 2 i denne saka.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere mindre justering etter vedtak. Regional ramme for IBU-midlar blir ført inn i planen, og handlingsplanen vert utforma i tråd med grafisk profil for Vestland fylkeskommune. Mindre tekstlege justeringar utan innverknad på innhaldet kan gjerast.
3. Administrasjonen får fullmakt til å tildele 6 700 000 kr. sett av til regionale tilretteleggingstiltak innan landbruket i 2021. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med handlingsplan for landbruk i Vestland 2021, og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tiltaka vert drøfta med partnerskapen i landbruket, og vedtaka blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
4. Administrasjonen får fullmakt til å tildele 1 960 000 kr. sett av til rekruttering og kompetanseheving i landbruket i 2021. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med føringar vedtekne i handlingsplan for landbruk i Vestland 2021, og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tildelinga vert drøfta med partnerskapen i landbruket, og vedtaka blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
5. Administrasjonen får fullmakt til å tildele 2 400 000 kr. avsett til Kompetansenettverk i Vest Norge i tråd med føringar i handlingsplan for landbruk 2021, handlingsplan for kompetansenettverket for 2021 og føringar frå Landbruks- og matdepartementet. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å disponere 120 000 kr. som er sett av til administrative midlar knytt til arbeidet med kompetansenettverket. Tilskotsbrev og handlingsplan for kompetansenettverket blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
6. Administrasjonen får fullmakt til å tildele 1 380 000 kr. sett av til prosjektmidlar til Kystskogbruket. Midlane skal tildelast i samråd med andre fylke og i tråd med forskrift for ordninga. Hovudutvalet får lagt fram orienteringar om ordninga, og om skog og treprodukt som næring.
7. Det blir teke atterhald om løyvingar i endeleg oppdragsbrev frå Landbruks- og matdepartementet. Ved endringar i høve det som er kjent frå Statsbudsjettet vert vedtaket endra i tråd med endeleg oppdragsbrev.

Saka omhandlar vedtak av handlingsplan for landbruk i Vestland 2021. Planen trekk opp dei viktigaste prioriteringane og innsatsområda for landbruksarbeidet i 2021. Handlingsplanen legg også føringar for bruken av verkemiddel innan området.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressursar, landbruk
og reiseliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsplan for landbruk 2021 - utkast til politisk handsaming 12.01.2021

Dokument som ikkje ligg ved

Rapport – Handlingsplan for landbruk 2020 (eiga referatsak til hovudutvalet sitt møte 12. januar 2020)

[Utviklingsplan for Vestland 2020-2024](#)

[Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane 2014-2025 \(rullert 2018\)](#)

[Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022](#)

[Regionalt bygdeutviklingsprogram for Vestland 2019-2022](#)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bakgrunn

Det er fleire gjeldande planar for landbruksområdet utforma av dei gamle fylkeskommunane og av Fylkesmannen i Vestland. Det er også mange aktørar som jobbar for landbruket sitt beste. Handlingsplan for landbruk 2021 skal trekke fram det aller viktigaste vi skal jobbe saman om i partnerskapen i 2021 og samle det i eit dokument. Fylkeskommunen forvaltar også økonomiske verkemiddel som det bør settast føringar for, før midlane kan lysast ut eller tildelast.

Kort om handlingsplanen

Fylkeskommunen fekk nye oppgåver frå 2020 og sjølv om mykje har vore likt, så har vi også jobba noko ulikt i dei to gamle fylka. Frå Sogn og Fjordane har vi landbruk som ei satsing i regional plan for verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025 (rullert i 2018), og frå Hordaland har vi Temaplan for landbruk 2018-2022. I tillegg gav Landbruks- og matdepartementet oss frå nyttår 2020 ansvaret for regionalt næringsprogram. Regionalt næringsprogram er ein av tre deler i regionalt bygdeutviklingsprogram, som Fylkesmannen har utforma i samarbeid med partnerskapen. I regionalt næringsprogram er det lagt opp til å utarbeide ein årleg handlingsplan. Vi har også fått overført oppgåver knytt til regionale tilretteleggingsmidlar, Kystskogbruket og Kompetansenettverk for lokalmat. Den nye regionale planen for innovasjon og næring som skal vedtakast i juni 2021, vil vere på overordna nivå.

Det ligg føringar frå Landbruks- og matdepartementet knytt til ansvaret for regionalt næringsprogram. Dokumentet skal gje føringar for det regionale arbeidet med næringsutvikling i landbruket. I dette ligg mellom anna å gje føringar for midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU), tilskot til regionale tilretteleggingstiltak i landbruket og tilskot til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Næringsprogrammet skal utarbeidast i samarbeid med den regionale partnerskapen på landbruksområdet. Handlingsplanen for landbruk er Vestland sitt regionale næringsprogram.

Handlingsplanen bygg vidare på Handlingsplan for landbruk 2020. Vi viser elles til eiga referatsak der vi rapporterer på arbeidet med landbruk i 2020.

Dokumentet er utarbeida i samråd med Innovasjon Norge Vestland og Statsforvaltaren i Vestland. Eit utkast er også lagt fram for drøfting med faglagane i næringa; bondelaget og bonde og småbrukarlaget.

Fylkeskommunen har eit førande og koordinerande ansvar innan landbruksområdet. Vi legg vekt på at oppfølginga vidare også skal vere eit partnerskapsarbeid, der vi har jamlege møte med Innovasjon Norge og fylkesmannen og fleire møter i året med faglagane. Tildeling av midlar og kursjustering for IBU-midlane vil bli drøfta med faglagane.

Økonomiske verkemiddel

Regionale tilretteleggingstiltak

Vestland fylkeskommune får 6 700 000 kr. til regionale tilretteleggingstiltak innan landbruket i 2021. Summane kjem fram av jordbruksavtalen og Statsbudsjettet, men vi har ikkje motteke endeleg oppdragsbrev enno. Summen er i tråd med det Vestland fekk i 2020.

Midlane skal gå til tilretteleggande tiltak som «bidrar til utvikling av konvensjonell eller økologisk drift i landbruket eller til utvikling av andre landbruksbaserte næringer innanfor rammer fastsatt i jordbruksoppjøret, statsbudsjettet, samt føringar i regionale strategier og prioriteringar fastsatt av det regionale partnerskapet bestående av fylkeskommunen, fylkesmannen, Innovasjon Norge og faglagane i landbruket.» Det er fastsett ei forskrift for ordninga som gjeld frå 1.1.2020. Midlane kan ikkje gå til tiltak i bedrifter.

Framlegget til prioriteringar i 2021 er sett opp med utgangspunkt i handlingsplanen for 2020 som igjen tok utgangspunkt i dei prioriteringane partnerskapen sette då dei utforma regional næringsprogram.

Vi rår til at administrasjonen får fullmakt til å tildele midlar i tråd med føringar vedtekne i handlingsplan for landbruk i Vestland 2021 og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tildelinga vert drøfta med landbrukspartnarskapen. Vedtak og vurderingar blir lagt fram til hovudutvalet til orientering.

Rekruttering og kompetanseheving

Vestland fylkeskommune får 1 960 000 kr. til rekruttering og kompetanseheving i landbruket i 2021. Summane kjem fram av jordbruksavtalen og Statsbudsjettet, men vi har ikkje motteke endeleg oppdragsbrev enno.

Midlane skal gå til tilretteleggande tiltak som *«bidrar til rekruttering og kompetanseheving hos næringsutøvere innenfor rammer fastsatt i jordbruksoppgjøret, statsbudsjettet, samt føringar i regionale strategier og prioriteringar fastsatt av det regionale partnerskapet bestående av fylkeskommunen, Fylkesmannen, Innovasjon Norge og faglagene i landbruket.»* Det er fastsett ei forskrift for ordninga som gjeld frå 1.1.2020.

Vi rår til at administrasjonen får fullmakt til å tildele midlar i tråd med føringar vedtekne i handlingsplan for landbruk i Vestland 2021, og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tildelinga vert drøfta med landbrukspartnarskapen. Vedtak og vurderingar blir lagt fram til hovudutvalet til orientering.

Investering og bedriftsutvikling i landbruket - IBU

Føringane for IBU-midlane går i eiga sak til hovudutvalet. Omtalen i handlingsplanen er ei oppsummering av desse føringane. Sjølv om det er ei eiga sak på desse midlane, er det viktig for heilskapen å ta dei med saman med dei andre verkemidlane. Drøfting av fastsetjing og oppfølging av desse føringane er også sentralt i møter vi skal ha med faglagane gjennom året. Det er også eit krav frå Landbruks- og matdepartementet at føringane skal fastsetjast gjennom eit regionalt næringsprogram som vi legg opp til at denne handlingsplanen skal vere.

Når denne saka vert send er ikkje den regionale ramma for IBU-midlane kjent. Vi ber om fullmakt til administrasjonen for å oppdatere planen med tal for regional ramme når det er kjent.

Kompetansenettverk for lokalmat

Vestland fylke får 2,4 mill. kr. til Kompetansenettverk i Vest Norge i 2021. Kompetansenettverket dekker Vestland fylke. Frå 2020 fekk Vestland fylkeskommune oppdragsgjevaransvar for kompetansenettverket. Det skal utarbeidast tilskotsbrev med krav til rapportering og oppfølging. Sogn Jord og Hagebruksskule driftar kompetansenettverket i Vestland.

Det er ei styringsgruppe for arbeidet med representantar frå Innovasjon Norge, fylkesmannen og produsentar, og fylkeskommunen som leiar av gruppa.

Kompetansenettverket er godt i gang med å planlegge arbeidet i 2021 og å lyse ut kurstilbod. Vi rår difor til at fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme eit tilskotsbrev i tråd med føringane i handlingsplanen, tilskotsbrev frå Landbruks- og matdepartementet og handlingsplan for kompetansenettverket for 2021.

Vestland fylke får 120 000 kr. som skal dekke administrasjonskostnader i samband med oppdragsansvaret for kompetansenettverket. Vi ser føre oss at midlane kan nyttast til møte, eventuelt frikjøp av deltakarar frå næringa og administrativt arbeid internt og i nettverket.

Vi rår til at administrasjonen får fullmakt til å tildele dei avsette midlane til kompetansenettverket og administrasjonskostnadane. Tilskotsbrev og handlingsplan for kompetansenettverket blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.

Kystskogbruket

Kystskogbruket er eit samarbeid som jobbar for at potensialet i skognæringa langs kysten skal realiserast. Alle kystfylka frå Finnmark i nord til Agder i sør er med. Både Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har tatt del i og støtta Kystskogbruket økonomisk i mange år. Hovudutvalet har også vedteke å støtte ei rullering av Melding om Kystskogbruket. Dei fylka som tek del i Kystskogbruket fekk ei ny oppgåve frå 2020 ved å skulle fordele prosjektmidlar frå staten til Kystskogbruket og vidareutvikle den prosjektretta satsinga. Vestland får truleg 1,38 mill. kr i 2021. Fylkeskommunane skal samordne seg slik at midlane etter søknad, i all hovudsak blir brukt til næringsretta, fylkesoverbyggande prosjekt.

Vi rår til at administrasjonen får fullmakt til å følge opp tildeling av midlar til kystskogbruket i samråd med dei andre fylka og i tråd med forskrift for ordninga. Vi kjem attende med orienteringar om ordninga, og om skog og produkt av tre som næring.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for innovasjon og næringsutvikling har vedtakskompetanse jf. delegeringsreglementet.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Saka legg føringar for disponering av tilgjengelege økonomiske verkemiddel og for eventuelt andre midlar som blir gjort tilgjengelege for satsingsområdet.

Klima: Handlingsplanen peikar på klima som eit viktig arbeidsområde for landbruksområdet i Vestland i 2021. Vi vil mellom anna følge opp resultatata frå eit forprosjekt innan klima i samarbeid med mellom anna faglaga i landbruket.

Folkehelse: Ikkje veldig relevant, men Inn på Tunet er eit tema i planen

Regional planstrategi: Klima og berekraft er viktige prioriteringar i planen, og planen støttar opp om mål og strategiar i utviklingsplanen. Vi legg til rette for at næringa skal vere nyskapande og berekraftig.

Konklusjon

Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021 er utarbeida i samråd med partnerskapen i landbruket og med grunnlag i eksisterande plandokument og føringar frå staten. Vi rår til at den vert vedteken som tilrådd.

Handlingsplanen gir saman med oppdragsbrev og forskrifter frå staten føringar for verkemidla innan området. Vi rår til at administrasjonen får fullmakt til å tildele midlar til Kompetansenettverk for lokalmat, prosjektmidlar til kystskogbruket og tilskot innan ordningane rekruttering og kompetanseheving og regionale tilretteleggingstiltak.